

KORT OMTALE AV PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELT KVALITETSUTVIKLINGSMIDLAR 2009

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om kvalitetssatsinga i Helse Vest

Prosjektnamn Kvalitetsutvikling innanfor ortopedi og fysioterapi for skulderpasientar
HF/avdeling/eining ansvarleg for prosjektet Helse Førde / Nordfjord Sjukehus (NFSH) / Ortopedisk avdeling
Kontaktperson/prosjektleder Kristian Sørland Humborstad, seksjonsoverlege ortopedisk avd. Nordfjord Sjukehus Åslaug Haugset, fysioterapeut i prosjektstilling, Nordfjord Sjukehus
Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt Nordfjord Sjukehus har ein fagleg profil mot arthroskopisk og leddbevarande kirurgi. Vi har hovudtyngda av slike inngrep i Helse Førde, og har i tillegg pasientar frå nabofylka. Vi utfører ca 300 skulderoperasjonar årleg. Utviklinga i behandlingsteknikk krever at ein stadig tilpassar postoperative rutinar, rehabiliteringsprotokollar og kontrollregimer. Godt samarbeid mellom ortoped og fysioterapeutar i både første- og andrelinetenesta er nøkkelen til ei vellukka opptrening. Vi har starta dette prosjektet for å betre dette samarbeidet, og for å oppdatere rehabiliteringsprotokollane i høve til ny operasjonsteknologi.
Formål med prosjektet / forbetningsmål Å sikre at pasientane får ei postoperativ oppfølging der høg fagleg kvalitet og oppdatert kunnskap ligg til grunn. Det er tre ting vi vil fokusere på for å oppnå dette: <ol style="list-style-type: none">1. Gode og oppdaterte postoperative rutinar og rehabiliteringsprotokollar.2. God og eintydig informasjon til pasienten, både skriftleg og munnleg.3. God kommunikasjon og samhandling med førstelinetenesta.
Metodisk tilnærming / evaluering av effekt Ved poliklinisk etterkontroll vil pasienten få spørsmål om han/ho har fått den informasjonen dei skal ha, og om dei synest informasjonen var grei å forstå.
Overføringsverdi/overføring av kunnskap til andre einingar i regionen <ol style="list-style-type: none">1. Dei nye rutiane og rehabiliteringsprotokollane skal leggast ut i den elektroniske kvalitetshandboka.2. Vi skal lage ei nettside som vil vere nyttig for behandlarar både i første- og andrelinetenesta.3. Vi skal invitere til seminar og orientere om de nye rehabiliteringsprotokollene når de er ferdig.